

## **ÅRSMELDING 2015**

### **RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

#### **RÅDET SINE OPPGÅVER / FØREMÅL**

Rådet har FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne som fundament. Jamfør Lov om råd eller anna representasjon i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne skal kommunar oppretta råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Det skal sikrast open, brei og tilgjengeleg medverknad i saker som tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

#### **SAMANSETNING**

I følge mandat vedteke av kommunestyret 08.10.2007 skal rådet ha 4 medlem. To av medlemma vert valde blant medlemma i kommunestyret, ein representant vert vald etter framlegg frå Vaksdal lag for funksjonshemma, og ein representant skal representera menneske med nedsett fysisk / psykisk funksjonshemming.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har i 2015, fram til kommunestyrevalet, vore samansett slik:

Marit Mjelde Alvheim, leiar  
Boris Groth, nestleiar  
Ida Carlsen Eide, brukarrepresentant  
Kristin Lyngmo, brukarrepresentant

Etter val av nytt kommunestyre hausten 2015 vart Rådet samansett slik:

Frode K. Dyvik, leiar  
Anne Christine Eide, nestleiar  
Ida Carlsen Eide, brukarrepresentant  
Kristin Lyngmo, brukarrepresentant

## **SAKER I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet har hatt 4 møte og behandla 16 saker, m.a.: høringsuttale rullering av kommunedelplan, høringsuttale og 1. gongs handsaming kommunedelplan helse og omsorg, økonomiplan og budsjett for Vaksdal kommune.

Elles har Rådet jobba med å få formidla informasjon om Rådet sitt arbeid gjennom nettsider og/eller brosjyre og med å laga enkel brevmal som kan nyttast av Rådet. Rådet har fått orientering om og drøfta m.a. oppstart av kvardagsrehabilitering i kommunen, arbeidet med tilrettelegging av Gatå på Dale, prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» og utviklingsarbeid innan helse og omsorg.

Dale, 24.02.2016

Frode K. Dyvik / s /

Anne Christine Eide / s /

Ida Carlsen Eide / s /

Kristin Lyngmo / s /